

Til; Meland Kommune  
Fra; Flatøy Byggjelag

28.09.2014

### **Kommentar til kommuneplan område 139 (N\_2) på Flatøy frå Flatøy Bryggjelag**

Dampskips kaien på Flatøy Vest er eigd av 16 grunneigarar på Flatøy som dannar Flatøy Bryggjelag. Bryggjelaget har i alle år vore klare på at det ikke skal setjas opp skilt med privat kai eller Fortøyning forbudt, slik at bydefolk og båt folk kan nytta seg av kaien til fortøyning ei natt eller to.

Kaien vert no mest brukt til hentig og bringing av personar som skal til friluftsområde i Håøy, fisking og samankomstar der bydefolk kokar krabbe og har det sosialt i lag på fine kveldar

Konsekvensane av planforslaget vi vera:

1. Ei total rasering av Flatøy Vest
2. Grunneigarane, men og Flatøy bygda misser den klart beste tilkomsten dei har til sjø.
3. Store delar av Flatøy sin kulturhistorie og kulturarv ligg i område Flatøy Vest og vil gå tapt ved realisering av ein slik plan.
4. Bryggjelaget er og svært uroa for kva dei miljømessige konsekvensane av ei slik fylling vil medføra. Vert Flatøyosen ei stillestående bakevje der forureining frå Frank Mohn og steinfyllinga vil øydelegge for sjø og friluftaktivitetar i område.

Her meiner me at kommunen ser heilt vekk i frå førevar prinsippet som absolutt skulle lagt til grunn her.

5. Me vil og forlanga at kommunen erstatta den gode tilkomsten til sjø som dei 16 grunneigarane på Flatøy no kan missa, med ein ny og like god kai.

Med vennleg helsing

For Flatøy Byggjelag

Leiar Dag Sudmann